

Fusa Næringslivslag

Laget for industri, handverk, handel og transport

ÅRSMØTE 2015 – onsdag 15. april kl. 18.00. Fusa vgs.

Tema: Kommunestruktur: Kva ynskjer næringslivet?

Innlegg ved ordørar Hans Vindenes og rådmann Berit Fløysand.

Hans Vindenes orienterte først om bestillinga frå sentralt hald og gjekk igjennom behovet for ei kommunereform. Vidare orienterte han om målsetjinga med reforma og kva nye oppgåver som kan verta aktuelt i ei ny kommunestruktur.. Det vil bli halde folkemøte i ulike delar av kommunen, med same tema.

Berit Fløysand orienterte vidare om kommunen sin prosess med kommunereforma. Ho viste fram dei ulike fasane i prosessen. Vi er no i sonderingsfasen, som skal enda opp i endeleg vedtak i kommunestyret 18.juni 2015.

Til slutt vart årsmøtedeltakarane delt inn i grupper, der ein diskuterte alternativ kommunestruktur(kven vil vi slå oss saman med?), ulike fordelar og ulemper med ei kommunesamanslåing. Og tilslutt kva tenester som er viktige å ha lokalisert. i Fusa.

Årsmøtesaker:

1) Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjent.

2) Årsmelding 2014
Årsmelding vart lest opp av leiar Ivar Hellebø. Godkjent.

3) Rekneskap 2014
Rekneskapen vart gjennomgått, og viser eit overskot på kr 33 491. Eigenkapital pr 31.12.14: 401 867. Rekneskapen vart godkjent.

4) Fastsetjing av kontingent og vedtak av budsjett.

Kontingent:

Framlegg til vedtak: Ingen endring i kontingentsats.

Vedtak: Godkjent.

Budsjett: Framlegg til vedtak: Budsjettforslag er lagt opp til eit resultat på kr. -50,-.

Vedtak: godkjent, med fylgjande justering: Fusa Næringslivslag er med og sponsar sykkelløpet «Tour des Fjords 2015» sin spurtpris med kr. 20.000,-. Budsjettet vert korrigert med dette beløpet, til – 20 050,-.

5) Val 2015

Leiar i valnemnda Torild Lohne leia valet. Resten av valnemnda har bestått av: Jostein Djupvik og Egil Hauge.

Forslagt til vedtak :**Styret:**

Bjarte Skåtun	ikkje på val	1 år
Mette H Olsen	ikkje på val	1 år
Björg Mette H Antonsen	attval	2 år
Arild Rød (Helland Elektro)	ny	2 år
Ivar Hellebø (leiar)	attval	1 år
1. varamedl: Asgeir Løno	på val for	1 år
2. varamedl: Øystein Boge	på val for	1 år
3. varamedl: Håkon Tombre	på val for	1 år

Revisor:

Harald Bjørndal

Valnemnd:

Torild Lohne (leiar)	attval	1 år
Anja Riise	ny	1 år
Ingemar Helland	ny	1 år

Vegnemnd:

Vegnemnda består av:

Rune Samnøy, Hans Arvid Austestad, Ola Dale, Helge Ådland og Ivar Hellebø.

Årsmøtet er einige i at denne nemnda bør ha ein leiar:

Valgt leiar: Helge Ådland.

Generelt: Det er svært viktig for Næringslivslaget og næringslivet i Fusa at en får frem folk som virkelig ønsker å engasjere seg. Det er viktig arbeid, og vi har innflytelse og kan oppnå resultat som er til felles beste for næringslivet. Så ikke nøl med «å hive dere frempå» dersom dere selv ønsker å gjøre en innsats, eller vil foreslå personer som er engasjerte.

Frå valnemnda 15.4.15 Torild Lohne, Jostein Djupvik, Egil Hauge.

6) Handlingsplan 2015-2018

Handlingsplan blei gjennomgått med følgende «områder»:

- Samarbeid skule - næringsliv
- Samferdsle
- Fleire til Fusa
- Medlemsverving FN

Årsmøtet hadde fylgjande innspel:

Samferdsle:

- Nokon frå Fusa Næringslivslag bør delta i KVU – Hordalandsdiagonalen. Ordførar blir kontakta om dette.
- Kan FN få kartlagt kostnader ifm utbetring av lokalt vegnett?
- Fergesambandet Hatvik-Venjanaset: misnøye med situasjonen no, f.eks farlig-last der konsekvens blir lang ventetid. Tiltak: skrive brev til fergeselskap, kontakte Sjøfartsdirektoratet. Kva må til for å få betre regularitet på ferjesambandet? Jf. Fosen sin inngåtte avtale.

Diverse:

- Kan det framskaffast oversikt over antall lærlingar i Fusa?
- Heimeside:
 - Ny, redigert side for <http://fusanl.no/>
 - Kan vi få inn «felles mal» for stillingsannonsar?
 - Ledig næringsareal i Holmefjord
 - «Samkjøring/samanslåing?» med heimesida til Fusa Utviklingselskap AS


Møtet var slutt 20.45.

Referent:

Bodil Vik (sign)

Eikelandsosen, 17/4-2015

Protokollen er godkjent:


Tor Johannes Hjertnes


Anja Riise

